



[Vågåmo sett frå Skagsnebb. Foto: Roar Strand]

## Praktisk informasjon

### Måltid:

Frukost: kl 09- 10

Lunsj og kaffe: kl 11:30

Middag: kl 14 (Midtstugu kl 15)

Kaffe: kl 15:30

Kveldsmat: kl 19

Evt mat og kaffe: Kl 20, og elles ved ynskje

- Vi har eige kjøken, og maten vert tilberedt frå botn av her på huset.
- Vi har kantine og her kan du som pårørende kjøpe deg mat og drikke.
- Er du på besøk er det berre å forsyne seg med kaffe i gangen ved kantina.

### Om oss

Vågåheimen er sjukeheimsinstitusjonen i Vågå kommune, med totalt 34 bueiningar.

#### Vågåheimen er inndelt i 3 avdelingar:

Fløy A: Vert kalla for Nyplesa og har 8 bueiningar.

Tlf.nr.: 480 49 250

Fløy C: Vert kalla for Midtstugu og har 8 bueiningar.

Tlf.nr.: 905 34 154

Fløy D/G: Vert kalla Nybygget og har 18 bueiningar.

Tlf.nr.: 905 34 190/ 468 03 769

### Kontakt oss

#### Sentralbord:

Telefon: 476 15 700

#### Avdelingsleiar:

Mariann Rosten

Telefon: 482 20 683

E-post: [mariann.rosten@vaga.kommune.no](mailto:mariann.rosten@vaga.kommune.no)

#### Tenesteleiar:

Marianne H. Stadeløkken

Telefon: 970 29 735

E-post: [marianne.stadelokken@vaga.kommune.no](mailto:marianne.stadelokken@vaga.kommune.no)

Fylg oss på heimesida eller på Facebook:

[www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no)



## VELKOMEN TIL



## VÅGÅHEIMEN!

Informasjon til deg som  
pasient og pårørende



VÅGÅHEIMEN  
Moavegen 11A  
2680 Vågå

### **Klede:**

Vi har eige vaskeri, og du lyt syte for god merking av alle klede dine. Vågåheimen tek ikkje ansvar for klede som ikkje er merka. Merkelappar kan du eller dine pårørande bestille på nett. Ullklede kan vaskast her, men på dykkar ansvar. Vi får med jamne mellomrom besøk av eit firma som sel klede og sko.

### **Pengar og verdisaker:**

Vågåheimen har ikkje anledning til å oppbevare pengar eller andre verdisaker for deg. Du lyt sjølv ta ansvar for evt pengar og verdisaker du tek med deg hit.

### **Primærkontakt:**

Du vil få utdelt ein eigen kontaktperson her ved Vågåheimen. Denne har eit spesielt ansvar for å fylgje opp deg og dine pårørande under opphaldet ditt her hjå oss.

### **Velferdsteknologi:**

Vågåheimen nyttar ulike typar velferdsteknologiske- og helseteknologiske løysningar.

### **Aktivitetar:**

Vågåheimen har eit variert aktivitetstilbod og har eigen aktivitør på huset. Vi legg ut informasjon om ulike aktivitetar på kommunen si heimeside, slik at dine pårørande kan halde seg oppdatert med kva som skjer her hjå oss.

### **TV, møblar og liknande:**

Ved vedtak om langtids plass så kan du ta med enkelte møblar og TV. Kvar enkelt bebuar vil etter kvart få tilgang på ei TV-pakke. Denne aktuelle pakka vert dekt av Vågåheimen.

## AKTIVITØR

Aktivitør har aktivitetar ved Arbeidsstugu 3 dagar i veka (mån-ons-tors). Ein legg opp aktivitetar etter årstida. Faste aktivitetar gjennom året er til dømes bingo, "Sangfuglar", andakt, avislesing m.m. Om sommaren er det aktivitetar i nærrområde, i Sansenhagen og i drivhuset. Fokus for aktivitetane er at du som bebuar ved Vågåheimen skal oppleve eit variert aktivitetstilbod og ei meningsfull tilvere.

## FOTPLEIAR:

Vågåheimen har avtale med fotpleiar, og time vert vidareformidla til denne ved behov og evt etter dine ynskje. Kostnad for timen dekkjast av den enkelte bebuar.

## FRISØR:

Vågåheimen avtalar time med frisør etter behov og evt etter dine ynskje. Kostand for timen dekkjast av den enkelte bebuar.

---

*«Kva er viktig for deg?»*

---

### **Vi er oppteken av at du skal trivast og ha eit godt liv her ved Vågåheimen**

Med spørsmålet: "Kva er viktig for deg?" ynskjer vi å setje fokus på kva DU er oppteken av, og kva som er viktig for DEG ved opphaldet ditt her hjå oss.



Vi vonar du vil trivast ilag med oss!

### **Tilbod ved Vågåheimen:**

## TILSYNSLEGE

Tilsynslegen er tilgjengeleg måndag og torsdag kvar veke, og behov for legetilsyn vert fortløpande vurdert. Tenesta er gratis.

## TANNHELSE

Tannlege og tannpleiar er tilgjengeleg ved behov, og det vert utført jamnlege tannhelsekontrollar. Tenesta er gratis.

## ERGOTERAPEUT/ FYSIOTERAPEUT

Ergoterapeut og fysioterapeut er tilgjengeleg ved Vågåheimen, og behov vert fortløpande kartlagt. Tenesta er gratis.

